



Arkivnr: 2015/10633-124  
Saksbehandlar: Marit Selberg Sigurdson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		15.05.2019
Fylkesutvalet		29.05.2019
Fylkestinget		12.06.2019

## Rapportering på handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029

### Samandrag

Det er viktig at fylkestinget i Hordaland vert orientert om korleis regionale planar vert fylgd opp. Denne saka gjev ein gjennomgang av status på tiltaka i handlingsprogrammet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029, per april 2019.

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 (RTP) vart vedteken i fylkestinget 13. juni 2017 (sak PS 39/2017). Som ein del av RTP vart det vedtatt eit handlingsprogram for gjennomføring av planen. Føremålet med handlingsprogrammet er å følgje opp og sikre gjennomføring av vedtekne strategiar, og byggje opp under måloppnåinga.

Denne gjennomgangen av handlingsprogrammet viser at samferdselsavdelinga og samarbeidspartar jobbar godt med gjennomføring av tiltaka. Handlingsprogrammet har totalt 26 tiltak, der 21 tiltak er gjennomført eller sett i verk. Nokre tiltak er avslutta, medan mange er pågåande over fleire år, anten som prosjekt eller som innarbeiding av nye rutinar. Fem av tiltaka er ikkje sett i gang per april 2019. To av tiltaka er utsett til etter fylkessamanslåinga, medan dei andre er i oppstartsfasen.

**Økonomi:** Saka omhandlar ikkje endringar i vedteke budsjett.

**Klima:** Saka er ei statusoppfølging av ei rekkje tiltak som vil redusere klimapåverknaden frå persontransport og store utbyggingsprosjekt i vegsektoren.

**Folkehelse:** Saka er ei statusoppfølging av tiltak som vil ha positiv innverknad på folkehelsa, til dømes gjennom å leggja til rette for meir gange og sykkelbruk, og tiltak som betrar luftkvaliteten gjennom mindre utslepp frå personbilar, kollektivtrafikk og drosjenæringa.

**Regional planstrategi:** Saka er ei statusoppfølging av handlingsprogrammet til Regional transportplan. Det er også koplingar til Regional klima- og energiplan, og til ei rekkje temaplanar innan samferdselssektoren.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek å ta statusrapportering på handlingsprogrammet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029 til orientering, og understreker viktigheita av at tiltaka vert fylgd opp og gjennomført i tråd med vedteke handlingsprogram.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 05.03.2019****Bakgrunn**

Det er viktig at fylkestinget i Hordaland vert orientert om korleis regionale planar vert fylgd opp. Denne saka gjev ein gjennomgang av status på tiltaka i handlingsprogrammet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029, per april 2019.

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 (RTP) vart vedteken i fylkestinget 13.06.2017 (PS 39/2017). RTP er ein langsiktig regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland. Planen inneheld mål til alle relevante delar av transportsystemet, i tillegg til strategiar og tiltak som viser korleis måla skal følgjast opp. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde. RTP er utarbeidd etter plan- og bygningslova, og har difor vore gjenstand for medverknad og høyring.

Planen har eit tidsperspektiv på 12 år. Behovet for revisjon av planen vert vurdert kvart fjerde år i regional planstrategi. I tillegg til handlingsprogrammet vert følgjande oppfølgingsdokument utarbeidd og rullert årleg: Investeringsprogram for Fylkesvegnettet og Handlingsprogram for Kollektivstrategi for Hordaland. Dette er handlingsplanar som skal følgje opp mål, strategiar, prioriteringar og bindingar i både RTP og Kollektivstrategi for Hordaland.

RTP er bygd opp rundt fem plantema: 1) fylkesvegnettet, 2) kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport, 3) transport i Bergensområdet, 4) regionscenter, 5) statlege ansvarsområde.

Det overordna målet i planen er at: «Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretek mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet».

Vidare har kvart plantema eigne hovudmål, delmål, strategiar og tiltak. Handlingsprogrammet er utforma for å bidra til å nå måla i planen. Mål, strategiar og tiltak ligg til grunn for prioritering av prosjekt i Investeringsprogram for fylkesvegnettet.

**Status for gjennomføring av handlingsprogram**

Framdrifta for realisering av tiltaka i planen har vore god. Handlingsprogrammet har totalt 26 tiltak, der 21 tiltak er gjennomført eller sett i verk. Nokre tiltak er avslutta, medan mange er pågåande over fleire år, anten som prosjekt eller som innarbeiding av nye rutinar. Fem av tiltaka er ikkje sett i gang per april 2019. To av tiltaka er utsett til etter fylkessamanslåinga, medan dei andre er i oppstartsfasen.

Tabellen under samanfattar status på tiltaka i handlingsprogrammet.

## Kapittel 4: Økonomiske rammer

Tiltak i RTP	Innhald	Status
<p>4.1. Vurdere ferjestrekningar som kan vere aktuelle som ferjeavløysingsprosjekt</p>	<p>Det er etablert ei statleg ordning for alternativ bruk av ferjetilskot til ferjeavløysingsprosjekt på fylkesvegnettet. Tiltaket vil vurdere løysingar og kostnader på ferjestrekningar der det kan vere aktuelt med ferjeavløysingsprosjekt i form av bru eller undersjøisk tunnel. Saman med dei økonomiske rammene for alternativ bruk av ferjetilskot, samt andre aktuelle finansieringskjelder, vil dette gje eit grunnlag for eventuelt å arbeide vidare med vurderte ferjeavløysingsprosjekt innanfor den statlege ferjeavløysingsordninga. Vurdere kva samband som kan være aktuelle for alternativ bruk av ferjetilskot før ny ferjefinansieringsmodell trer i kraft frå 2018.</p>	<p><b>Tiltaket er sett i gang.</b> Fem samband er vurdert som aktuelle ferjeavløysingsprosjekt.</p> <p><b>Ferjesambandet Stord-Kvinnherad</b> (Innkorting av Ranavik-Skjersholmane): Fått avslag. Anmodning om omgjering av vedtaket er sendt Samferdselsdepartementet, men svar ligg ikkje føre enno. Utkast til planprogram ligg føre, men Stord kommune vil ikkje sende det på høyring før spørsmål om finansiering er avklara. Sak om dette kjem venteleg opp til fylkespolitisk handsaming 2. halvår 2019.</p> <p><b>Huglo-sambandet:</b> Godkjend av Samferdselsdepartementet som ferjeavløysingsprosjekt, og rekna til å utløyse 4,9 mill. kr årleg i ferjeavløysing. Kommunane Stord og Tysnes ønskjer å utarbeide reguleringsplan for tiltaket.</p> <p><b>Fjelberg-sambandet:</b> Godkjend som ferjeavløysingsprosjekt for delstrekning Sydnes-Fjelbergøy-Borgundøy, men ikkje for delstrekning til Utbjoa. Ferjeavløysingsmidlar er kalkulert til 2,7 mill. kr årleg, som er alt for lågt for å kunne realisere sambandet. Kommunen har teke politisk initiativ til å endre retningsliner for sambandet. Reguleringsplan er under utarbeiding.</p> <p><b>Masfjord-sambandet:</b> Avventar nye retningsliner som opnar for at også renteutgifter kan dekkjast med ferjeavløysingsmidlar. Det er varsla ny gjennomgang av renteutgifter i ferjeavløysingsordninga i samband med kommuneproposisjonen for 2020. Reguleringsplan er godkjend.</p> <p><b>Hjellestad-Bjelkarøy-Lerøy-Klokkarvik:</b> Godkjend som ferjeavløysingsprosjekt med unnatak av delstrekning Lerøy-Klokkarvik. Det vil utløyse om lag 0,9 mill. kr. årleg i ferjeavløysingsmidlar, som er alt for lågt til at det kan dekkje kostnadene til ferjeavløysingsprosjekt. Reguleringsplan ligg føre for delstrekninga Lerøy-Bjelkarøy. Det er ikkje teke stilling til trasé Bjelkarøy-Hjellestad.</p>

## Kap. 5: Fylkesvegnettet

Tiltak i RTP	Innhold	Status
<p>5.1. Gjennomgang av behovsliste for rassikring</p>	<p>Gjennomgang av behovsliste på rassikring, prioritere kva rassikringstiltak det er mest aktuelt å starte planlegging av. Skal også vurdere om det er mindre tiltak som kan gjennomførast utan plan.</p> <p>Politisk sak i fylkestinget i juni 2017, som vil vera grunnlag for prioriteringar i Investeringsprogram for Fylkesvegnettet 2018-21.</p>	<p><b>Tiltaket er gjennomført og vert oppdatert i 2019</b></p> <p>Planramma for statlege tilskot til skredsikring av fylkesveggar vart tildelt vinteren 2017/2018. Hordaland fylkeskommune fekk tildelt 834 mill. kr. for perioden 2018-2023.</p> <p>I samband med Nasjonal transportplan 2018-2029 utarbeidde Statens vegvesen ei behovsliste for rassikring. I rapporten «Skredsikringsbehov for riks- og fylkesveggar i Region vest», er det skildra ei langsiktig prosjektportefølje som syner kva rassikringsprosjekt som skal prioriterast. Det også vurdert mindre tiltak som kan gjennomførast utan plan. Prioriteringane må justerast i tråd med situasjonen på fylkesvegnettet.</p> <p>Statens vegvesen arbeider med oppdatert liste for skredsikringsbehov, som venteleg vert klar i desember 2019.</p> <p>Det vart ikkje fremja politisk sak om rassikring i juni 2017. Rassikringsbehova og prioritering av tiltak er politisk handsama gjennom Investeringsprogrammet (PS 110/2018).</p>
<p>5.2. Etablere eit program for trygg skuleveg</p>	<p>Etablere eit program for tiltak til trygg skuleveg. Skal vere ein del av Investeringsprogram for Fylkesvegnettet.</p>	<p><b>Tiltaket er starta opp.</b></p> <p>Samferdselsavdelinga arbeider med å operasjonalisera tiltaket. Det er fleire pågåande satsingar for å sikra trygg skuleveg rundt om i fylket. Arbeidet er høgt prioritert og er innarbeidd i eitt av satsingsområda innan trafiksikringsarbeidet; «Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg».</p> <p>Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU) har fleire tilskotsordningar som i stor grad vert nytta til trygging av skuleveg i kommunane.</p> <p>Prosjektet Hjertesone er ei satsing mot skulane, som er forankra i RTP og i investeringsprogrammet.</p> <p>Godkjenningsordninga Trafikksikker kommune er også ei viktig satsing for HFK og FTU. Dette er eit organisatorisk tiltak som syter for at kommunane jobbar systematisk med trafiksikkerheit på tvers av den kommunale verksemda.</p> <p>I Bergen har ein i fleire år hatt utgreiingar av utvalde skulekrinsar, med påfølgande gjennomføring av tiltak. Statens vegvesen har</p>

		<p>det faglege ansvaret for utgreiingane, og kommune og fylkeskommune forpliktar seg til å følgja opp med aktuelle tiltak på eige vegnett. Utgreiingane skjer i nært samarbeid med skulane ved tilsette og føresette. Erfaringane med desse utgreiingane er positive, og HFK ønskjer å prøva ut trafikksikringsutgreiingar i skulekrinsar utanfor Bergen, med oppstart i 2020.</p>
<p>5.3. Klima- og miljøbudsjett for alle store utbyggingsprosjekt i vegsektoren</p>	<p>12. desember 2016 vedtok fylkestinget at det skal tas i bruk klimabudsjett i samanheng med utbyggingsprosjekt i vegsektoren. Det skal utarbeidast eit arbeidsopplegg for å berekne miljøkonsekvensar av nye vegprosjekt.</p>	<p><b>Tiltaket er gjennomført</b>  Det vart i 2017 sett ned ei arbeidsgruppe med medlemmer frå HFK og Statens vegvesen som utarbeidde forslag til korleis dette vedtaket skal følgjast opp. Gruppa har rapportert tilbake til Fylkesvegrådet og følgjande er bestemt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det skal innførast klimarekneskap for alle fylkesvegprosjekt som løyser ut krav om transportmodell (kostnad 50-60 mill. pluss).</li> </ol> <p>Status: Tiltaket er implementert. Det vart utarbeidd klimabudsjett for Masfjordbrua og for bybaneprosjekta. Framover vil det bli utarbeidd tilsvarande klimabudsjett for store utbyggingsprosjekt i vegsektoren.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Det skal gjennomførast ein pilot for klimaberekning. Piloten vart knytt til prosjektet Fv. 565 Marås-Soltveit, som skal lysast ut i løpet av 2019.</li> </ol> <p>Status: Tiltaket er sett i gang. Statens vegvesen har utvikla eit livssyklusanalyseverktøy, VegLCA, for å kvantifisere klimagasskutt i prosjekterings- og anleggsfasen. Verktøyet kan nyttast til både potensielle kutt (klimabudsjett) og faktiske kutt (klimarekneskap). VegLCA tar omsyn til heile livssyklusen utanom riving og avfallshandsaming.</p> <p>Det er lagt inn følgjande tekst i konkurransegrunnlaget til Fv. 565 Marås-Soltveit:</p> <p><i>32.6 VegLCA: Det skal lages et klimaregnskap for prosjektet fv. 565 Marås-Soltveit ved hjelp av livssyklusanalyseverktøyet «VegLCA».</i></p> <p><i>32.7 Studie av myr og klimagassutslipp: i forbindelse med gjennomføring av VegLCA, vil fylkeskommunen via byggherren, gjennomføre et studie for å nansere utslippstall for ulike myrmasser.</i></p>

		I tillegg vert det utarbeidd eige klimabudsjett samla for HFK, som er ein del av budsjett-dokumentet fylkesrådmannen legg fram.
5.4. Gjennomgang av standard i forkant av nye driftskontraktar	I forkant av nye driftskontraktar skal standarden avklarast gjennom politisk handsaming. Ei av målsetningane frå Strategi for drift og vedlikehald er at ein skal halde fast på dagens driftsnivå i kontraktane. Døme på vurdering av driftsnivå er frekvens på brøyting og drift av vegar.	<b>Tiltaket er gjennomført.</b>  Rutinane er implementert.
5.6. Reiseliv og tiltak på fylkesvegnettet	Det skal etablerast eit prosjekt som skal sjå på tiltak på fylkesvegnettet, som er kopla opp mot reiselivet. Døme på tiltak er rasteplassar, offentlege toalett, ferjekaiar, knutepunkt, skilting og utsikt.	<b>Tiltaket er gjennomført.</b> Fylkesutvalet handsama ein rapport om prosjekt reiseliv og infrastruktur i mars 2018 (PS 89/2018).  Det er oppretta ein post (Miljø og service) i Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet, som kan bidra til å finansiere tiltak.
5.7. Forenkla standard for gang- og sykkelprosjekt	Etablere eit prosjekt der hensikta er å vurdere kva som skal til for å kunne etablere mindre kostnadskrevjande løysingar på gang- og sykkelveg der dette er hensiktsmessig. Det må merkast at ein enklare standard ikkje skal gå ut over trafikktryggleiken.	<b>Tiltaket er ikkje sett i gang.</b> Arbeidet med tiltaket er så langt ikkje formalisert som eit prosjekt. Som ein del av sams vegadministrasjon har samferdselsavdelinga jobba med å koma tidlegare inn i gang- og sykkelprosjekt, mellom anna for at forenkla løysingar skal verta vurdert der dette er tenleg.  Det er gjennomført ei sykkelfagleg vurdering av ei forenkla løysing, i samband med reguleringsplan for Hatvikvegen i Os kommune. Her er den forenkla løysinga eit forslag frå kommunen som avviker frå regulert løysing.  Fylkesutvalet handsama og vedtok Prinsippsak om val av standard på gang- og sykkelveg etter rekkefølgjekrav i mars 2017 (PS 75/2017). Det vart her gjort avvik frå vegnormalane, og lagt opp til ei alternativ gang- og sykkelløysing mellom Hoshovdestølen og Hosanger sentrum, fv 567 i Osterøy kommune.
5.8. Vurdering av omklassifisering av fylkesvegar	Dagens fylkesvegnett varierer stort med tanke på funksjon og rolle i det samla vegsystemet i fylket. Generell gjennomgang av status og formål for fylkesvegnettet, samt prinsipp for eigarskap.	<b>Tiltaket er ikkje sett i gang, og vert utsett til etter fylkessamanslåinga i 2020.</b> Gjennomgang av status og formål: Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen har eit prosjekt som tek for seg gjennomgang av vegnummer. Dette arbeidet tek ikkje direkte for seg status og formål.

		<p>Prinsipp for eigarskap: Ein vidare prosess må avklare nærare kriterium for inndeling i kommunale og fylkeskommunale vegar. Arbeidet vert utsett til ei eventuell endring i inntektssystemet som følgje av fylkessamanslåinga. Moglegvis får kommunane større økonomisk insentiv til å ta over fylkesvegane.</p>
--	--	--

#### Kap. 6: Kollektivtransport utanom Bergensområdet

Tiltak i RTP	Innhald	Status
6.1. Kartlegge reiselivet sitt behov for kollektivtransport	<p>Reiseliv og kollektivtransport; kartlegge behov og potensiale for å legge betre til rette for reiselivet sitt behov for kollektivtransport. Vurdere å sjå på skilje mellom ordinær kollektivtransport og særskilte tilbod som er retta mot reiselivet.</p>	<p><b>Tiltaket er gjennomført.</b> Tiltaket er sett i verk gjennom prosjektet «Travel like the locals». HFK, Rogaland og Sogn og fjordane fylkeskommunar har løyvd 300 000,- kvar til dette prosjektet.</p> <p>I desember 2018 vart det tilsett ein prosjektleiar. Arbeidet er godt i gang og ein er snart klar med ein avtale mellom Skyss/Kringom og destinasjonsselskapa når det gjeld tilrettelegging og sal. Målet er at turistar skal kunne reise som dei lokale i alle tre fylka frå mai 2019.</p>
6.2. Utgreiing – betre samordning mellom TT-ordninga og kollektivtransport	<p>Utgreiing av alternativ organisering av transporten for å sikre ei betre samordning innan TT-ordninga og på same tid gje meir rasjonelle transportløyisingar for andre kollektivreisande, til dømes bestillingstransport.</p>	<p><b>Tiltaket er utsett til etter fylkessamanslåinga.</b> Tiltaket vil bli gjennomført i samanheng med samordning av TT-ordningane i Hordaland og Sogn og fjordane.</p>
6.3. Evaluere nullutslepps-bilar i drosjenæringa	<p>Det vert lagt til rette for både el- og hydrogenbilar i drosjenæringa i Bergensområdet. Tiltaket er å evaluere forsøk med nullutslepps-bilar i to drosjeverksemdar.</p>	<p><b>Tiltaket er sett i gang.</b> Det er starta opp eit prosjekt om innføring av nullutslepps-krav til drosjenæringa. Etter planen skal det vedtakast ei forskriftsendring i 2019. Forskriftsendringa ligg ute til høyring, per april 2019. Målet for HFK er at alle drosjebilar skal vere nullutslepps-bilar innan fire år etter forskriftsendringa.</p>

#### Kap. 7: Transport i Bergensområdet

Tiltak i RTP	Innhald	Status
7.1. Byutgreiing for Bergen	<p>Grunnlagsdokumentet til NTP 2018-2029 peika på behovet for utarbeiding av ei byutgreiing som skal belyse kva tiltak som er nødvendige for å nå nullvekstmålet for personbiltrafikken i dei største</p>	<p><b>Tiltaket er gjennomført.</b> Trinn 2 av byutgreiinga vart gjennomført hausten 2018, og er tilgjengeleg på nettsida til Nasjonal transportplan.</p>



	byområda i Noreg. Byutgreiinga vil vere viktig for utforming av den samla verkemiddelpakken for nullvekstmålet i Bergen og Bergensområdet.	
7.2. Byvekstavtale for Bergen og regionsenterkommunane i Bergensområdet	Byvekstavtalen skal innehalde mål og verkemiddel for auka kollektivandel, sykling og gange, tiltak for redusert bilbruk og overordna arealføringar som bygger opp under miljøvenleg transport.	<b>Tiltaket er sett i gang.</b> Forhandlingar er starta, med intensjon om signering våren 2019. Avtalen skal vedtakast i fylkestinget etter signering.
7.3. Heilskapleg plan for låg- og nullutslepp i bussar i Bergen	Ambisjonsnivået for låg- og nullutsleppsteknologi i kollektivtrafikken vert nærare vurdert av Skyss i trafikkplanen for båt og i heilskapleg plan for innføring av låg- og nullutsleppsbusar. I dette arbeidet inngår også ei vurdering av vidare trolleybussatsing.	<b>Tiltaket er gjennomført.</b> Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland vart vedteken i fylkestinget i oktober 2017 (PS 90/2017). Temaplanen drøftar ambisjonar og utfordringar knytt til vidare satsing på trolleybuss. Linje 2 frå Birkelundstoppen til Strandkai terminalen skal forlengast til Lyngbø på Laksevåg. Forventa byggestart i byrjinga av 2019, forventa ferdigstilling juni 2020.
7.4. Trafikkplan for båttilbodet i fylket	Trafikkplanen vil gi tilråding om framtidige båtsamband i fylkeskommunal regi, der også omsynet til reduksjon av klima- og miljøutslepp inngår i vurderingane.	<b>Tiltaket er gjennomført.</b> Trafikkplan båt vart vedteken i fylkesutvalet i november 2017 (PS 271/2017).
7.5. Handlingsplan for innfartsparkering	Utarbeide ein handlingsplan for innfartsparkering som oppfølging av Strategi for innfartsparkering for bil og sykkel, deretter setje i verk tiltak.	<b>Tiltaket er gjennomført. Iverksetjing av tiltak er sett i gang.</b> Handlingsplan for innfartsparkering 2018-2029 vart handsama og vedteken i fylkesutvalet i februar 2018 (PS 48/2018). Gjennomføring av aktuelle prosjekt og tiltak er godt i gang.
7.6. Avklare ansvarstilhøve for fysisk tilrettelegging for drosjenæringa i Bergensområdet	Prosjekt for å klargjere ansvarstilhøve og verkemiddel for å betre kapasiteten og kvaliteten på haldeplassane for drosje i Bergensområdet.	<b>Tiltaket er ikkje sett i gang.</b> Er tenkt starta opp i 2019.
7.7. Infrastruktur for låg- og nullutsleppskøyretøy	Det er vesentleg å nytte eigne midlar og tilgjengelege støtteordningar frå Enova optimalt for å bygge ut ladeinfrastrukturen i fylket i tråd med Regional plan for attraktive senter. Utbygginga av offentleg tilgjengeleg ladeinfrastruktur vil skje skrittvis gjennom utlysingar og i tråd med tilgjengelege midlar. Tiltak i handlingsplan for Klimaplanen.	<b>Tiltaket er sett i gang.</b> Sidan 2014 har Hordaland Fylkeskommune gjeve støtte til etablering av hurtigladestasjonar og fyllestasjonar for hydrogen i fylket. Det er i dag 292 hurtigladepunkt fordelt på 65 lade plassar, noko som er over dobbelt så mange som gjennomsnittet for dei øvrige fylka i landet. Tilskot over klimaplanen sitt handlingsprogram har vore avgjerande for utviklinga.

<p>7.8. Legge til rette for auka privat bildeling</p>	<p>I samarbeid med aktuelle aktørar vil fylkeskommunen bidra til løysingar som fremjer bildeling og ei meir effektiv utnytting av bilparken.</p>	<p><b>Tiltaket er gjennomført.</b> Prosjektkontoret for sykkel og mobilitet i Bergen er i førarsetet når det kjem til privat bildeling. Fylkeskommunen er kjend med tiltaka, og støtter opp under og legg til rette ved behov.</p> <p>Norges fyrste mobilitetspunkt med reservert plass til bildelebilkar vart opna våren 2018. Det vert arbeidd med forsøksprosjektet Bilfri bydel på Møhlenpris, og her vil det koma gode løysingar for å stimulera til auka privat bildeling.</p>
<p>7.9. Samanstilling av gang- og sykkeltilbodet, og gjennomføring av ei sykkelundersøking i Bergensområdet tilsvarande «Oslosyklisten»</p>	<p>Undersøking for å få betre kunnskap om dei som sykklar i Bergensområdet, og om dei som ikkje sykklar. Ei viktig målsetting er å få større kunnskap om potensielle syklistar og deira behov for tilrettelegging.</p>	<p><b>Tiltaket er sett i gang.</b> Ei samanstilling av gang- og sykkeltilbodet i Bergen kommune vart gjort gjennom arbeidet med Sykkelstrategi for Bergen 2010-2019. Denne strategien vert revidert i 2019. Ny samanstilling av gang- og sykkeltilbodet i Bergen vert gjennomført i arbeidet med strategien.</p> <p>Sykkelundersøking i Bergen vert gjennomført som ein del av kunnskapsgrunnlaget i revideringa av sykkelstrategien. Undersøkinga er i gang, per april 2019.</p> <p>HFK tek sikte på å få opsjon på spørjeundersøkinga, slik at det kan gjennomførast tilsvarande undersøking i regionsenterkommunane.</p> <p>Fjell, Lindås, Meland og Os kommune har, gjennom deltaking i Byregionprogrammet (BYR), gjennomført felles sykkelundersøking og sykkelteljing. I undersøkinga vart det også lagt vekt på syklistane sin opplevde tryggleik og komfort på viktige sykkelstrekningar i dei fire kommunane, med vekt på behov for utbetringar/betre tilrettelegging.</p>
<p>7.10. Planlegge for kollektivfelt på 4-felts innfartsåre</p>	<p>Vurdere moglege løysningar, konsekvensar og effekt på trafikkavviklinga ved å etablere kollektivfelt på 2 av dei 4 felta på innfartsårene til Bergen.</p>	<p><b>Tiltaket er sett i gang.</b> SVV har spelt inn at Bybaneutgreiingane vurderer kollektiv- og/eller sambruksfelt på strekninga Åsane terminal – Nygårdstangen.</p> <p>I planprogram for Miljøløftet 2019-2022 er det vedteken at det skal gjennomførast ei utgreiing av moglegheita til å etablere kollektiv og/eller sambruksfelt på innfartsårene til Bergen sentrum, E39/Rv 555.</p>

## Kap. 8: Regionsenter

Tiltak i RTP	Innhald	Status
8.1. Forum for regionsenterkommunar	For å kunne realisere satsinga på regionsentra i fylket skal HFK etablere eit Forum for regionsenterkommunar. Forumet skal legge til rette for kunnskaps- og erfaringsdeling, og koordinera og samordna bruk av verkemiddel og ressursar knytt til regionsenter. HFK vil vere sekretariat for «Forum for regionsenterkommunar».	<p><b>Tiltaket er gjennomført.</b> Forum for regionsenterkommunar er etablert. Dette er eit samarbeidsorgan for dei ti kommunane i Hordaland med regionsenter, HFK, Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen.</p> <p>Kommunane er Askøy, Bergen, Fjell, Kvam, Kvinnherad, Lindås, Odda, Os, Stord og Voss.</p>
8.2. Gang- og sykkeltiltak i regionsentra	Oppdatere kunnskapsgrunnlag og sette i gang planarbeid på gang- og sykkeltiltak i regionsentra Straume, Kleppestø, Knarvik og Osøyro og deretter utvide til å gjelde dei resterande regionsentra. Vurdere å inngå sykkelbyavtalar med regionsentra.	<p><b>Tiltaket er sett i gang i nokre av regionsentra.</b> Det vert arbeidd med gang- og sykkeltiltak i regionsentra frå fleire hald. Fjell, Os, Lindås og Meland har gjennomført ei felles sykkeltejing og spørjeundersøking gjennom BYR-samarbeidet. Fjell kommune er tatt opp som sykkelby, og Os kommune sender søknad våren 2019.</p>
8.3. Utvikling av kollektivterminalar og knutepunkt i regionsentra	Bidra til å utvikle plangrunnlag for utvikling av kollektivterminalar og knutepunkt i regionsentra, og ha ei aktiv rolle i å sikre finansiering av prosjekta.	<p><b>Tiltaket er sett i gang.</b> Det er sett i gang planprosessar for å utvikle knutepunkt og terminalar i regionsentra Husnes, Osøyro og Knarvik.</p> <p>For kollektivterminalane på Straume og Leirvik er planfasen avslutta, og realisering er knytt opp mot riksvegprosjekt på Straume og bompengepakke i Leirvik.</p> <p>Storavatnet terminal skal byggast ny, som ein del av Sotrasambandet.</p> <p>På Kleppestø er det sett i gang ein ny planprosess, og det er uvisst når ein kan gå i gang med knutepunktutviklinga.</p> <p>Det vert i desse dagar arbeidd aktivt med å slutføre prosjektering og finansiering av nytt kollektivknutepunkt på Smelteverkstomta i Odda.</p> <p>På Voss er det nyleg etablert ny terminal for buss i samband med bygging av nytt terminalbygg for jernbanen og ny gondolbane. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunale, statlege og kommunale etatar og med midlar frå partane har det sikra realisering av totalprosjektet.</p>

		<p>Norheimsund: Det pågår per dato ingen prosessar.</p> <p>Åsane: Åsane terminal vart ferdigstilt i 2018. Her kom det 20 ekstra innfartsparkeringsplassar, ein ekstra perrong for på- og avstiging, ekstra reguleringsplassar for buss, og kollektivfelt frå vest inn på terminalen</p> <p>Arna: 1. oktober 2018 vart ny bussterminal opna og tatt i bruk. I samarbeid med fylkeskommunen og med midlar frå Miljøløftet har terminalen fått heva standard og vorte universelt utforma.</p> <p>Lagunen: For tida pågår det ingen større prosessar på Lagunen, berre mindre tilpassingar.</p> <p>Oasen: Byggeprosess for ny terminal ved Oasen startar snart.</p> <p>Loddefjord: Det vert arbeidd med moglegheiter for å effektivisere Loddefjord terminal (nytt køyremønster).</p> <p>Nesttun: Det vert arbeidd med reguleringsplassar for buss (vente-/opphaldsplass for bussar mellom atkomst og avgang) ved Nesttun terminal.</p>
--	--	---

#### Kap 9. Statlege ansvarsområde

Tiltak i RTP	Innhald	Status
9.1. Vurdere vidareutvikling av eit regionalt partnerskap for store statlege samferdselsprosjekt	Det skal vurderast om dei ulike kontaktutvala for store riksvegprosjekt i fylket skal vidareførast eller om arbeidet inn mot dei statlege ansvarsområda i større grad skal skje innanfor det regionale partnerskapen. Vurdere å ta ein sterkare rolle inn mot ulike statlege prosessar.	<b>Tiltaket er sett i gang.</b> Fylkestinget vedtok i mars 2019 (PS 8/2019) at sak om dette skal leggjast fram for fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnerar.
9.2. Stord lufthamn Sørstokken – eigarstrategi	Etablere ein eigarstrategi, saman med Stord kommune, for vidare drift av Stord lufthamn Sørstokken.	<b>Tiltaket er ikkje sett i gang.</b>